



Av NSG v/Ordfører og varaordfører

Informasjonsskriv om etterspel etter årsmøtet 2018

1. Innleiing

Først ein klargjering av avsendarane. **Ordføraren** er øvste leiar av NSGs representantskap og har funksjon som ordfører både på representantskapsmøte, på NSGs styremøte og på Landsmøte/Årsmøte. Ordføraren er såleis tilstade på alle sentrale møter. **Varaordfører** er nettopp det, og er tilstade på representantskapsmøte og Årsmøte, men berre unntaksvis på ordinære styremøte.

Etterspelet er i hovudsak knytta til reaksjonar på valet på årsmøtet i 2018. Frå valnemnda låg det føre einstemmig innstilling på alle punkter. Under valet kom det likevel 3 benkeforslag, prinsipielt med nokså lik framgangsmåte. Reaksjonen i etterkant er knytt til berre eit av desse benkeforslaga og då på val av eit styremedlem. Valkomiteen hadde einstemmig innstilt på attval av Hilmar Kleppe frå Møre og Romsdal. Gjennom benkeforslag frå Nordland Sau og Geit, rauk han ut til fordel for Terje Benjaminsen frå Troms SG med 28 mot 32 stemmar. **Det synes å være brei semje om at sjølve valet ble lovleg gjennomført iht. lagslovane**, og at striden i hovudsak dreiar seg om forløp og framgangsmåte for dette benkeforslaget. Mange har sikkert fått med seg relativt store og kritiske oppslag og innlegg i både Nationen og Bondebladet, men også på Facebook. Vi skal her prøve å gje lokallaga innblikk i korleis saka har forløpt, og har vorte handsama i NSG sentralt, og kvifor det vart kalla inn til eit ekstraordinært Representantskapsmøte 03.07.18. I ettertid ser ein at det er grunn til å beklaga at denne informasjonen ikkje er sendt ut mykje tidlegare. Men vi har heile tida trudd at saka no ville roa seg, men det har vist seg å vera feil.

2. Eit forløp

Ved Landsmøte 15. og 16. mars 2017 vart Torill Undheim, Else Horge Asplin og Hilmar Kleppe valt inn i styret i NSG, Arvid Wold vart valt inn som varaordfører og Ragnhild Sæle valt inn som ordfører. Første styremøte var den 30. og 31.mai-17. Andre styremøte den 23. og 24. august-17.

Så var det styremøte/representantskapsmøte 16. og 17. oktober-17. Då vart styremedlemmar og ordfører interjuva av valnemnda. Ein hadde då berre hatt 2 styremøte og 7 månader på å verte kjende med kvarandre, mot ca. 1 år og 7 månader, då ein hadde landsmøte kvart andre år.

Alle tillitsvalde skulle i tillegg fylla ut og returnera utsendt skjema frå valnemnda innan 1. desember. Det skal presiserast at det på skjemaet også sto: « Dette skjemaet vil bli behandlet strengt fortrolig »

Neste styremøte var 13. og 14. desember-17. Ordførar hadde delteke på alle styremøta, og merka korleis samarbeidsklimaet i styret endra seg merkbar i negativ retning i slutten av året 2017. Dette bekymra ordførar. Valnemnda hadde eit opplegg med å ha ein representant som deltok på kvart styremøte, også på desembermøte-17, men dei hadde delt styremøta mellom seg slik at same person sjeldan deltok på fleire enn eit styremøte. Då er det ikkje like lett å få med seg eventuelle negative endringar i samarbeidsklimaet.

Etter ein del gjennomtenking valde så ordførar i representantskapet å kontakte, over telefon, leiar i valnemnda Olav Tiller, **16. desember 2017**. Ordførar informerte då Olav Tiller om at hadde valnemndas interjuv med henne vore 16.12.17, så hadde ho sagt noko heilt anna om Hilmar Kleppe enn det som vart sagt i oktober, og at ho ikkje lenger hadde tillit til han. Olav Tiller takka ordførar for at ho ringde, og fortalde at han hadde fått ein e-post frå styremedlem frå Nordland, der ho skreiv at ho ville snakke med han.

Dei som kjenner til det lokallagsleiar i Gol Sau og Geit har gått ut med på facebook: at dette skjedde rett før årsmøte, etter at valnemnda si innstilling var lagt fram, seinare retta til: i tolvte time, vil her sjå at dette ikkje på nokon måte er riktig.

02.02.18 kom innstillinga frå valnemnda. Det var fleire enn ordføraren som vart veldig skuffa, då ein såg at valnemnda ikkje hadde tatt nokon signal vedrørende Hilmar Kleppe. Ein visste at det var fleire som hadde gitt signal til valnemnda, for eksempel den omtalte kontakten frå styremedlem frå Nordland, og eit skrifteleg innspel frå Telemark SG. Men det er også slik at valnemnda er suveren og kan sjølv velje om dei vil ta omsyn til det dei får inn av kommentarar/merknader.

NSGs nåverande ordførar er også fylkesleiar i Sogn og Fjordane SG (SFSG). Eit par dagar før årsmøte fekk ho som fylkesleiar i SFSG, telefon frå Nordland SG, med informasjon om at dei jobba for å få inn 1.vara til styret i staden for Hilmar Kleppe. Viss vi går litt tilbake i tid, minnes same fylkesleiar at ho før landsmøtet 2017 fekk telefon frå Oppland Sau og Geit som ville ha støtte for Pål Kjørstad, som leiar, i staden for Kjell Erik Berntsen, som var innstilt frå valnemnda og ble valt utan noko etterspel. Så slik framgangsmåte er ikkje noko nytt, og ein kan spørja seg kva er forskjellen og kva er det som er uakseptabelt.

I forbindelse med valet på årsmøte 15. mars 2018, så var det ikkje nokon som kontakta ordførar på førehand vedrørende valet, om eventuelle benkekandidatar. Ordførar visste heller ikkje då valet starta, om Nordland SG hadde fått så mykje støtte, at dei kom til å fremme Terje Benjaminsen som motkandidat til Hilmar Kleppe.

Det skal gjerast merksam på følgjande: Etter valet har all fokus vore på at Hilmar Kleppe rauk ut av styret. Det er ikkje nokon som nemner dei andre som vart kasta som følgje av tilsvarande benkeframlegg. Mangeårig direkte valt geiterepresentant, Atle Aronsen Troms SG, rauk ut til fordel for Jo Risløv Sogn og Fjordane SG. Sven Haugom Vest-Agde SG, som i mange år sat som leiar i Kontrollutvalet, utan nokon gong å ha fått kritisk merknad til utført arbeid, rauk ut til fordel for Tor Grøthe, Buskerud SG grunna benkeframlegg frå Odd Bjarne Bjørdal Møre og Romsdal SG. Ein kan spørja seg kva som er forskjellen. I tillegg fekk ein kampvotering på leiar i valnemnda, mellom Olav Tiller og Torhild Sisjord, der resultatet vart 31/30, noko som kan tolkast som at Årsmøtet ikkje var heilt nøgd med valnemndas arbeid.

3. Reaksjonar, oppfølging og sentrale møter i ettertid

Det har og vore mykje fokus på at ingen takka Hilmar Kleppe for innsatsen. Det burde vore gjort. Likeins dei andre som «gjekk» av: Atle Aronsen, Sven Haugom, men også Jon Sand som takka for seg i valnemnda. Ein har merka seg at dei andre som rauk ut som følgje av benkeforslag, ikkje er nemnde med eit ord i debatten. Noko som gir grunn til å spørja kvifor alt dreiar seg berre om Hilmar Kleppe?

Søndag kveld, etter årsmøte, fekk ordførar Ragnhild Sæle telefon frå Hilmar Kleppe. Han ville vite, kva ho som fylkesleiar i Sogn og Fjordane SG hadde å seie til at SFSG hadde stemt imot han. Det er slik at i sentrale møtesamanheng som Årsmøte, kan ordførar berre ha rolla som ordførar, og kan ikkje samstundes vere fylkesutsending. Det var ikkje allment kjent at det ville kome benkeframlegg mot Hilmar Kleppe, heller ikkje for ordføraren. Det var skriftleg/ hemmeleg val, og ordførar hadde i den oppståtte situasjonen ikkje kontroll på/innsikt i kva utsendingane frå SFSG skreiv på sine lappar. Hilmar Kleppe fortalde og at ein i valnemnda hadde stemt imot han, sjølv om innstillinga frå valnemnda var samrøystes. Likeså har det kome fram ein påstand om at også ordføraren hadde stemt i mot han. Det store spørsmålet her er korleis Hilmar Kleppe kunne ha oversikt over dette? Slike påstandar må nødvendigvis ha samanheng med at nokon har kikka folk over skuldra under avstemming /hemmeleg avstemming. Dette er i seg sjølve ein ukultur som etter vår meining er heilt uakseptabel. Vårt utgangspunkt her er at vi ser på dette som heilt ugyldige og useriøse argumenter.

a. Telefonmøte i valnemnda 22.03.2018 med oppfølging

22.mars.18 kalla leiar i valnemnda, Olav Tiller, inn til telefonmøte i den nye valnemnda. I tillegg var avgåtte medlem Jon Sand og vara for midt-norge, Odd Bjarne Bjørdal kalla inn. Det er grunn til å spørje kvifor, når det gjeld dei to siste. Å kalla inn vara til leiar O. Tiller som sjølv deltok på møtet er noko spesielt. På dette møte trekte Olav Tiller seg frå valnemnda og Odd Bjarne Bjørdal sa i frå at han ikkje ville gå inn i valnemnda.

1.april sendte Olav Tiller ut e-post til styret og representantskapet om at han trekker seg som medlem og leiar av valnemnda og grunngjev kvifor. Her skriv han og at valnemnda ikkje har vorte signalisert skriftleg om at nokon person i styret burde vore skifta ut. Dette er ikkje riktig. Telemark sendte inn skriftleg, noko som Olav Tiller sjølv seier i artikkel i Nationen. Kvifor sa ikkje Olav Tiller til ordførar, då ho ringde han, at han måtte ha signala frå ho skrifteleg, dersom valnemnda skulle kunne ta dei med i vurderinga?

3.april kjem det e-post frå Hilmar Kleppe, til representantskap, valnemnd og leiarar i NSG, der han mellom anna skriv at han ikkje aksepterer at sittande leiar stemte imot han, utan at han var orientert. Her vil vi som ovanfor peika på følgjande:

1. Det var skrifteleg val, og dermed ein uakseptabel ukultur og sitte og sjekke kva andre skriv på stemmesetelen sin.
2. Vi kjenner ikkje til at det står nokon plass at ein pliktar og informere kven ein stemmer på, fordi ein kandidat er styreleiar/-medlem.

3. Kven kan, på førehand, vere sikker på kva for kandidatar ein har å stemme på, før etter at leiar av valet har fått svar på om der er andre kandidatar. Det er ein demokratisk rett å kunne stemme på den av aktuelle kandidatar som ein tykkjer er den beste. Etter vårt syn, tek dei som tar belastninga med å fremme eit benkeframlegg, mykje meir ansvar enn dei som ville ha stemt blankt. Dei prøvar iallfall å få gjort endringar. Ved dette valet ville det med stor grad av sikkerheit ha komme blanke stemme om ein ikkje hadde hatt eit anna alternativ enn valnemnda sitt. Det omtalte forhold at Torhild Sisjord fekk 30 stemmer mot sittande leiar i valnemnda sine 31, fortel som sagt at ikkje alle var like nøgd med valnemnda sitt arbeid.

b. Styremøte 12. og 13 juni og møte med valnemnda med oppfølging

I forbindelse med styremøte 12. og 13.juni vart valnemnda + tidlegare leiar i valnemnda Olav Tiller invitert til eit møte med styret 13.juni. Også varaordførar var då til stades. Ønskje var å få avklara kva informasjon heile valnemnda hadde fått, når det gjaldt tilbakemelding frå styremedlemer/ordførar. Olav Tiller kunne ikkje møte, men opplyste at Jon Sand kunne komme i staden for, om ønskjeleg. Dette takka vi nei til, då eit av poenga var å få avklara om Olav Tiller, som leiar, hadde formidla vidare dei signal som han hadde fått. På møte fekk ein bekrefta at resten av den gamle valnemnda ikkje var orientert om at ordførar hadde kontakta Olav Tiller. Det kom fram at han hadde orientert om at han hadde fått to telefoniske oppringingar, men at desse ikkje var av betydning. Som ein oppfølging av møtet oppmoda styret Valnemnda til å gå gjennom sine retningslinjer å sjå på om desse kan gjerast endå meir funksjonelle for framtidig valnemndarbeid.

Ordføraren fekk også e-post frå Jon Sand 13.juni-18, der han mellom anna skriv at det i referatet frå det omtalte møte i valnemnda 22.mars-18 ikkje var komme med at han hadde foreslått at generalsekretær Lars Erik Wallin skulle sende brev til Hilmar Kleppe kor det vart takka for innsatsen og beklaga korleis valet vart gjennomført. Her er å gjere merksam på at ein ting er å takke Hilmar Kleppe. Ein heilt annan ting er å beklage gjennomføringa av valet. Det er ikkje nokon som kan beklage korleis valet vart gjennomført, verken Wallin eller valnemnda. Då seier dei at dei ikkje aksepterer årsmøte sitt vedtak, som ingen meiner vart gjort i strid med lagslovane.

Dagen før, 12.juni-18, fekk ordførar e-post frå kontrollutvalets nye leiar, om at dei skulle ha møte på Hønefoss 20.juni. Ordførar tok kontakt med leiar i kontrollutvalet 14. juni, der det vart gjord merksam på at «lagsdokument» ikkje kunne takast ut av kontoret på Ås, og om det då ikkje var mest praktisk å ha møte på Ås. Ordførar, i samråd med varaordførar, var og av den oppfatning at kontrollutvalet syntes å gå langt utover sin instruks, i høve kva saker dei skulle kontrollere, og hadde snakka om at ein burde ha eit møte med kontrollutvalet.

15.juni-18 kom saklista til kontrollutvalet, der sak 7. var Organisasjonskultur i NSG, med grunngjeving i valet der Hilmar Kleppe rauk ut. Same dato, 15. juni, vart det og sendt ut ein uttale frå styret og ordførar til representantskapet, fylkeslaga og valnemnda. I denne uttalen vart ordet bekymringsmelding nytta, noko som og har skapt mykje støy. Det er forskjell på ei bekymringsmelding til ei valnemnd og ei bekymringsmelding til politi eller barnevern. Men uansett, i ein «utvida» «Me too-tid» burde det vore brukt eit anna uttrykk for dei meldingar som var sendt til valnemnd og valnemndas leiar. Dette er å beklage.

Ordførar fekk 16.06.18 ein telefon frå eit medlem av valnemnda med spørsmål om ho visste at det frå visse hold vart jobba med å få til ekstraordinært årsmøte i NSG, bl.a. fordi møtereferatet etter møte i valnemnda 22.mars ikkje var sendt ut til Jon Sand og Odd Bjarne Bjørdal. Ingen av dei var på det tidspunktet medlem i valnemnda. Ordføraren fekk og spørsmål om ho var kjend med at det i nær framtid ville kome eit større oppslag i Nationen med sterk kritikk av NSG. Vedkommande sa og at styremedlem frå Nordland hadde skrevet såpass mykje på spørjeskjemaet frå valnemnda i desember 2017, at ville valnemnda ha tatt tak i det, så hadde dei hatt god anledning til det. Ordførar stussa over at vedkommande visste kva som var skrevet på skjemaet, då vedkommande på det tidspunktet endå ikkje var medlem av valnemnda.

16. juni-18 tok difor ordførar kontakt med varaordførar for å drøfte om det var grunnlag for å kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte, for å informere representantskapet og få deira tilbakemelding på saka, noko det var semje om.

Ordførar informerte deretter styreleiar og generalsekretær. Det vart kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte 3.juli 2018.

c. Forløp, Representantskapsmøte 03.07.2018 med oppfølging

20.juni fekk ordførar telefon frå leiar i Oppland Sau og Geit, som vi her gjer merksam på ikkje sit i valnemnda. Han var opptatt av kven som laug. Til å begynne med skjønte ikkje ordføraren heilt kva han meinte, men han viste til at styremedlem frå Nordland hadde sagt at ho hadde snakka med valnemndleiar Olav Tiller, medan Olav Tiller sa at han ikkje hadde snakka med ho, og at dette var enkelt å dokumentere. Det var berre og hente ut telefonlogg. Den er henta ut, og bekrefta det styremedlem frå Nordland har sagt. Under samtalen kom han og inn på kva styremedlem frå Nordland hadde skrevet på skjemaet desember - 17 til valnemnda. Ordførar vart forbausa, og spurte korleis han visste dette. Han svarte at han hadde fått det tilsendt, men ikkje frå kven. Han hadde og e-posten som styremedlem frå Nordland sendte til Olav Tiller 11. desember. Ordførar spurte på nytt kven han hadde fått det frå, men det ville han ikkje sei. Styret sitter no på dokumentasjon på kven som har sendt dette ut frå valnemnda. Det gjerast merksam og på at å sende fortruleg materiale frå valnemnda eksternt, er eit alvorleg organisasjonsmessig tillitsbrot.

27.juni-18 var det møte mellom styret og kontrollutvalet, etter oppmoding frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet kom der, og i ettertid, med kritikk for at det ikkje var sakliste til møtet. Styret svara at då det var kontrollutvalet som bad om at det skulle kallast inn til møte, var det naturleg at det var dei som set opp saklista.

3. juli-18 vart det gjennomført eit lukka, ekstraordinært representantskapsmøte. Ein må huske på at ei av representantskapets oppgåver er å vera høgste kontrollorgan for NSG. Årsmøtet vel ei underordna kontrollnemnd med 2-3 personar frå representantskapet som kan gis ulike oppgåver. Her ønskja vi ein gjennomgang av det som skjedde før, under valet og i ettertid av valet, med heile det høgste kontrollorgan, Representantskapet sjølv. Ikkje på noko tidspunkt har det i denne saka vore snakk om å delegere dette til det underordna kontrollutvalet, anna enn ordinær gjennomgang av referater, vedtak og oppfølging. Møte var lukka for at alle fritt skulle kunne sei det dei ville, og på grunn av at det var informasjon som

gjekk på personar. NSG har også fått kritikk for at Hilmar Kleppe ikkje var invitert, for å kunne forklare seg. NSGs haldning har vore at Hilmar Kleppe m.fl hadde nytta Nationen til å komme med sine meininger og påstandar. No var det særleg dei som hadde vorte uthengt i media som skulle kunne informere representantskapet, og representantskapet skulle kunne stille spørsmål/komme med kommentarar. Med unntak av representant frå Buskerud Sau og Geit, som også er leiar av omtalt kontrollutval, var representantskapet fulltalig. Det er vårt inntrykk at det var behov for eit slikt møte, når så mange prioriterte dette midt på sommaren. Det føreligg et såkalla B-referat frå møtet, som ikkje er tilgjengeleg. Men det vart gitt ein samrøystes uttale frå møtet. Den har slik ordlyd:

« Representantskapet i Norsk Sau og Geit har i dag gått gjennom og drøftet etterspill etter valgene i årsmøte 15.mars 2018.

Intervjuer til medlemsbladet Sau og Geit og oppslag i Nationen og Aftenposten i juni/juli 2018 er gjennomgått.

Årsmøteprotokoll 2018 er godkjent og signert uten protokolltilførsler vedr. sak 15 Valg. Valgene 15. mars 2018 er gjennomført i henhold til lagslovene og normal prosedyre i Norsk Sau og Geit og representantskapet kan ikke se at det skal ha skjedd noe ureglementert rundt valgene.

Representantskapet har full tillit til det sittende styret i Norsk Sau og Geit og ber styret om å holde fram med sitt gode arbeid for organisasjonen og småfeholdets beste.»

Ordførar har ein rekke gonger blitt kontakta av Nationen utan å ha hatt ønskje om å kommentere saka. 23. august-18 vart ordførar nok ein gong kontakta av Nationen. No var ordførar så lei av at det stadig vekk vart hevda at valnemnda ikkje hadde fått noko melding, at ho fortalde at ho var ein av dei som hadde kontakta valnemnda.

d. Representantskapsmøte 16.10.18

16. oktober var det ordinært Representantskapsmøte. 14. oktober fekk ordførar e-post frå leiar i kontrollutvalet som og er representantskapsmedlem frå Buskerud SG. Denne e-posten vart lagt ved referatet frå sjølv Representantskapsmøte, så vi reknar med at fylkesleiarane har vidareformidla den til lokallaga. I denne e-posten, som vart tatt opp som sak på representantskapsmøte, var der og uriktige og udokumenterte påstandar. Det er spesielt at leiar av kontrollutvalet, som og er leiar av Buskerud SG, og som var den einaste som ikkje deltok på det ekstraordinære representantskapsmøte 03.07.18 ikkje har tillit til det lukka representantskapsmøte. Vi gjentar at Representantskapet er eit overordna organ for styret og eit rådgjevande organ for årsmøtet, og skal føre tilsyn med at organisasjonen fungerer i samsvar med lovene og årsmøtevedtak. Kontrollutvalet er som sagt underordna representantskapet. Det kom mykje kritikk av kontrollutvalets leiar på dette møtet, som også medførte at han trakk seg som medlem og leiar av kontrollutvalet, men ikkje som leiar av Buskerud SG og dermed som medlem av representantskapet.

e. Oppsummering

Vi håpar at dette skrivet gir forklaring på sentrale sider ved den konflikt som har oppstått, og kvifor det vart kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte 03.07.18.

- Ingen har betvilt at sjølve valet vart gjennomført i henhold til lagslovane, så det er såleis uangripelig.
- Valnemnda har utvikla eit internt system for betre å handtera skriftlege og muntlege innspel, slik at det framover ikkje vil vera tvil om at ulike innspel vil vert gjort kjent for heile valnemnda.
- Dei som ryk ut i valet grunna benkeforslag eller takka av som tillitsvalde på annan måte, vil vert takka for innsatsen.
- Representantskapet har vært samstemt på begge sine møter i 2018 og har uttrykt full støtte til styret og ønskje om at ein nå har kome til endes i denne saka.
- Det er opp til lagsmedlemane å foreslå strengare møtereglar under årsmøteval, f.eks. ein viss førehandsvarsling av benkeframlegg og slik at motkandidatar gis ei viss tid til å forberede og forsvara sitt kandidatur, slik ein ser det i visse politiske parti ved nominasjon.

Vassenden/Vuku 27.01.2019

Ragnhild Sæle

Ordfører

Arvid Wold

Varaordfører